

Arne Solli:

# Fødslar utanfor ekteskap og sambuarskap mellom ugifte. Normer og åtferd i Noreg på 1800-talet.

Oppgitt emne til prøeforelesing for dr. art.-graden, Bergen, 27. mai. 2004

## Innleiing

Knut og Karen Olave på husmannsplassen Hagevik på Stranda skal etter tradisjonen ha vore det første kjente sambuarparet i bygda. I folketeljinga 1900 bur desse to saman, begge er ugifte, Karen Olave er førd med yrke "husholderske". Knut er husmann og fiskar av yrke. Om dei levde saman som ektefolk på alle måtar, veit vi ikkje, kanskje er det berre folkesnakket som har gjort dei til det første sambuarparet i bygda. Karen Olave var ugift mor. I 1883, 33 år gammal, fekk ho dottera Anna Elise. Barnefaren, ein nabo av Knut, var berre 17 år gammal. Også Karen Olave var fødd utanfor ekteskap, og ho hadde ein halvbror på morsida født utanfor ekteskap. Far til Karen Olave, Elias, hadde vore særstund produttiv i 1849-50. Karen Olave hadde på farsida ei halvsøster i Hornindal i Nordfjord og ein halvbror i Sunnylven på Sunnmøre, sjølv var ho døypt i Ørskog på Sunnmøre. Faren hadde altså tre såkalla uekte barn, med tre ulike mødre. Dette var straffbart etter kriminallova av 1842. Truleg var faren Elias sambuar med ei av mødrane. Men Elias drukna ved Bud i Romsdalen før han rakk å gifte seg. Båten med ei last med bork til Trondheim kollsiga, og Elias drukna der.

Eilert Sundt, som frå 1840-talet saumfor landet stadig på jakt etter samanhengar i vanlege folk sin tenkemåte, seder og skikkar støytte på mange Elias'ar. I sine grundige studiar av "Sedlighetstilstanden i Norge" kom han til at i landsdelar der det var mange fødslar utanfor ekteskap, var det også mange ugifte foreldre som levde saman "et løsagtig liv uden tanke om ægteskab"<sup>1</sup> I moderne språkbruk: At levereglar og haldningar som regulerte fødslar utanfor ekteskap også regulerte ugift samliv. Begge fenomena var del av same normsett.

I tida mellom Eilert Sundt og den nye historikargenerasjonen på 1970-talet rådde moralistane grunnen i spørsmål om utukt, sex utanfor ekteskap og ugift samliv. Det var ein vanleg oppfatning at fødslar utanfor ekteskapet, illegitimitet, først og fremst var eit moralsk problem. I visse lag av folket eksisterte det eigne haldningar og levemåtar som stridde mot vanlege og skikkeleg folks oppfatningar av kva som var rett og gale. Slike utgrupper og avvikarar måtte ein slå ned på med lov og dom slik at sedløysa ikkje spreie seg.

Kring 1970 tok historikarane til å interessere seg for illegitimitet. Nokre historikarar la vinn på å knytte illegitimitet til sosiale utgrupper, som hadde avvikande haldningar til sex og samliv. Og illegitimitet gjekk i arv – slik eksemplet innleiingsvis kan tyde på. Andre forskrarar frikjende dei same gruppene.<sup>2</sup> Årsakene til illegitimitet var samansette og fenomenet vart sett i ein breiare sosial, økonomisk og kulturell samanheng. Både fødslar utanfor ekteskap og ugifte mødre var ein konsekvens av giftarmålssystemet, ikkje eit normativt avvik.<sup>3</sup> I Norge er

<sup>1</sup> Sundt: 1968, bind II, s. 181

<sup>2</sup> Laslett, Smith og Oosterveen: 1980, s. 226-240. Haavet: 1982, s. 10-12.

<sup>3</sup> Haavet: 1982, s. 8-10 og s. 169-172. Eliassen: 1981, s. 67-71

øg aukande illegitimitet på 1800-talet sett i samanheng med innstramming på levebrødsmarknaden – mange nye ungdommar, for få levebrød og tøffare internasjonale økonomiske konjunkturar.<sup>4</sup> Internasjonalt har historikarar veklagt radikalt nye haldningar til kjærleik, partnarval, seksualitet og ekteskap som årsak til auka i illegitimitet på 1800-talet.<sup>5</sup> Edvard Shorter plasserer den seksuelle revolusjon på 1800-talet, ikkje til 1960-talet slik hippiane trudde. Shorter hevda dei nye haldningane til seksualitet og samliv vart leia fram av den veksande lønsarbeidarklassa som industrikapitalismen skapte. Auka illegitimitet var ein konsekvens av desse haldningsendringane.<sup>6</sup>

Kort: Talet på fødslar utanfor ekteskap auka på 1800-talet, ikkje berre i Norge. Og historikarane er langt frå samde om korleis auken skal forklarast. Omfang og utbreiing av ugift samliv i same periode i Norge veit vi lite om.<sup>7</sup> Dette opnar for følgjande spørsmål: Var fødslar utanfor ekteskap og ugift samliv to sider av same sak slik Eilert Sundt hevda? Finn vi fellesskap i haldningar, i utbreiing og omfang til illegitimitet og ugift samliv.

Først nokre avklaringar. Fødslar utanfor ekteskap er ein konsekvens av to åtferder og to normer. Første norm gjeld om ein kan ha sex utanfor ekteskapet. Har ein sex utanfor ekteskapet – som åtferd - kan ein bli gravid. Då trer ei ny norm i kraft. Bør barneforeldra gifte seg? Giftar dei seg ikkje, vert barnet fødd utanfor ekteskap. Sambuarskap – eller ugift samliv – representerer ein norm og ein åtferd. Norma er: Bør ein vere gift for å leve saman som mann og kone. Vel ein **ikkje** å gifte seg, vert mann og kvinne levande saman i ugift samliv. Ugift samliv kan dermed vere knytt til norma om ein **bør** gifte seg sex fører til graviditet. Ugift i tittelen på emnet har eg tolka som **ikkje gift** i motsetnad til **ikkje tidlegare gift**.

Fødslar utanfor ekteskapet kunne vanskeleg haldast unna den offentlege sfære. Berre unntaksvis kunne ein graviditet dølgjast. Den sosiale og offentlege kontrollen var sterkt. Med ugift samliv var og er det annleis. Delar av samlivet kunne om naudsynt berre praktiserast godt inne i den private sfære bak lukka dører inst i koven.

Fødslar utanfor ekteskap kan i utgangspunktet synest klart definert, enten er eit barn fødd etter at foreldra er vigsla og barnet er fødd **i** ekteskap, eller så blir ikkje foreldra gift og barnet er fødd **utanfor** ekteskap. Problemet oppstår når barneforeldra giftar seg etter barnet at er fødd. Barnet vart ektefødd etter arvereglane, men vart i varierande grad oppfatta som ektefødd av presten som døypte barnet. Fødslar utanfor ekteskap er dermed sosialt og normativt definert, og ikkje rein demografisk.

Sambuarskap er ein ny term som er blitt vanleg på 1990-talet. På 1970-talet var det meir vanleg omtale sambuarskap som ”papirlaust ekteskap” og ”sambuarforhold” og ”ugift samliv”.<sup>8</sup> På 1800-talet var den juridiske termen på av artar av samlivs- og sambuarforhold ”konkubinat”. Først i 1974 vart den såkalla konkubinat-paragrafen fjerna frå straffelova. Eit anna omgrep for ugift samliv på 1800-talet er ”Stockholmsekteskap”.<sup>9</sup> Men kva er sambuarskap? Sambuarskap er vanleg å reservere for ugift samliv av den moderne typen, dvs.

<sup>4</sup> Oldervoll og Sogner: 1981, s. 71-80. Sogner og Oldervoll: 1981

<sup>5</sup> Sogner og Sandvik: 2003, s. 136-127. Telste: 2000, s. 280ff. (ikkje sjekka).

<sup>6</sup> Edvard Shorter er referert frå Anderson: 1980, s. 54-59. Shorter: 1977.

<sup>7</sup> Utanom Eilert Sundt har berre Kari Telste interessert seg for saksområdet i historiske tid. Telste: 2000. Sjå også: Hovdhaugen: 1976, s. 111.

<sup>8</sup> NOU 25: 1999?

<sup>9</sup> Matovic: 1984. Forssberg:1998, <http://kanguru.humf.su.se/nr18/gifta.htm>. Borgegård:2002, [http://www.scb.se/Grupp/Allmant/\\_dokument/A05ST0203\\_04.pdf](http://www.scb.se/Grupp/Allmant/_dokument/A05ST0203_04.pdf)

ugift samliv etter 1970. Derfor vil eg nytte omgrepene ugift samliv som term på fenomenet der mann og kvinne lever saman utan å vere lovformelekt gift. Ugift samliv eit par – mann og kvinne - som deler både bord og seng utan å vere lovformelekt gifte med kvarandre, dvs. dei må bu same i hushald og sove i same seng. I 1800-tals språkbruk var ”å dele bord” å ha felles økonomi, felles hushaldning. ”Å dele seng” impliserte sex, for det var ikkje tenkjeleg at mann og kvinne kunne liggje i same seng utan å ha sex.<sup>10</sup> Forholdet må også vere av permanent karakter, altså eit varig samlivsforhold.<sup>11</sup> Eller kort og greitt som i kriminallova av 1842: ”Ugifte personer [som leve] sammen, som om de vare Ægtfolk”.

## ***Ugift samliv og lovverket 1687-1902***

Kriminallova av 1842 hadde to paragrafer som galdt sambuarskap. Kan lovverket på 1800-talet fortelje om lovgjevar oppfatta illegitimitet og sambuarskap som to sider av same sak?

6. Bok, Kapittel 13 i Chr 5. Norske Lov av 1687 gjeld Løsagtighed. Ti av i alt 31 artiklar i omhandlar direkte eller indirekte fødslar utanfor ekteskap gjennom regulering av seksuelt samkvem utanfor ekteskap, såkalla leiarmål. Fødslar utanfor ekteskap er også omtalt i kapittelet om arv og skifte. I same lov er det berre to artiklar som er relatert til sambuarskap. I perioden fram til 1812, då fødslar utanfor ekteskap blei sterkt nedkriminalisert, finst det kring 40 reskript og forordningar som gjeld endringar av lovverket kring leiarmål. I same periode har eg berre funne to forordningar som omtalar ”Forargerlig samliv”: Tukthusforordninga av 1741 som fastsett at dømde for ”Forargerlig samliv” skulle sendast til tukthuset.<sup>12</sup> Og ei forording i 1783 som gjentek ein av lovartiklane frå 1687: ”De Troelovede maaei fløtte og boe under Tag sammen, forinde Bryllupet er holden”<sup>13</sup>

I kriminallova av 1842 er dette forbodet mot ugift samliv vidareførd i kapittel 18, §22 og §23. Lova seier at ”Leve ugifte personer sammen, som om de vare Ægtfolk, straffes de med Bøder eller Fængsel”. Paragrafen definerer ikkje kva det vil seie å leve saman som ektefolk, men presiserer at personane ikkje treng å ha eit økonomisk fellesskap. Mistanke om å dele seng var tilstrekkeleg grunn til rettsforfølging.<sup>14</sup> I straffelova av 1902 vert forbodet mot ugift samliv regulert med §379 – den såkalla konkubinat-paragrafen som først vart opphevd i 1972. Etter konkubinat-paragrafen (§379) skal paret først få ein åtvaring og dei skal rettsforfølgjast berre dersom samlivet er ålment ”forargerlig”.

Fram til kring 1800 var lovverket som kontrollerte fødslar utanfor ekteskap langt meir omfattande og klart meir spesifikt enn lover for ugift samliv. Etter 1800 blir fødslar utanfor ekteskap sterkt nedkriminalisert. Statsmakta gav opp å kontrollere og endre folkets aksept for

---

<sup>10</sup> Telste: 1999, s. 501-505.

<sup>11</sup> Bull: 1990, s. 19-20. Kirsti Strøm Bull definerer et forhold som ugift samliv med tre krav: Partene må 1) bo sammen 2) et visst økonomisk fellesskap og 3) et varig forhold.

<sup>12</sup> Melby, Pylkkänen, Rosenbeck og Forskningsprogrammet Norden och Europa: 1999, s. 151

<sup>13</sup> Forordning 19. februar 1793. Forordning anlangende hvorledes for Fremtiden skal forholdes ved Troelovelser.

<sup>14</sup> Straffa var normalt bøter, og ved gjentaking normalt fengselsstraff. Ved skjerande omstende kunne straffearbeid i 6 månader til 3 år leggjast som straff. Omlag den same straffeutmålinga har 3. gongs leiarmål med 3 ulike personar, §25 i same kapittel. ”Mandsperson, som befindes at have besværgret trenge forkjellige Kvindespisoner, uden at han med nogen af dem lovligen er kommen i Ægteskap, straffes med fengsel. Det same gjeld kvinner som har latt seg ”besværgre” av tre ulike ”Mandspisoner”. Ved gjentaking er straffa normalt straffearbeid i 6 månader til 3 år.


sex utanfor ekteskapet. Samstundes med at lovreglane som kontrollerte fødslar utanfor ekteskap fall bort, blir lovreglar som skulle regulere ugift samliv skjerpa med kriminallova av 1842. Det er rimeleg å tolke den lite spesifikke lovgjevinga fram til 1842 som at sambuarskap har hatt mindre utbreiing og i praksis blitt regulert av normer som folk flest og styresmakta delte. Auka loviver på samlivsområdet frå kring 1800 tyder på endra normer hos folket og at stat og folk ikkje delte syn på ugift samliv. Ugift samliv kan ha fått større omfang frå kring 1800.

Men ein ting er lovverk, ein annan sak er handheving.

## **Handheving av konkubinat**

Kriminallova av 1842 blei følgd opp med ny kriminalstatistikk frå 1846. Kor stort var omfanget av konkubinat-saker på 1800-talet? Og kan handheving av konkubinatsaker fortelje nokon om normene kring ugift samliv? På figuren ser vi talet på domfellingar for konkubinat i perioden 1846-1904.

**Figur 1 Talet på domfelte for ”Hor og Leiermål” og ”Konkubinat”. Norge 1846-1904.**



Kjelde: NOS Tredie Række No. 70 og NOS V 210

Den heiltrekte linja syner konkubinatsakene. På 1840-talet er det i underkant av 150 domfelte årleg i konkubinatsaker, og i perioden 1850 til midt på 1880-talet er det i kring 150 domfellingar pr. år. Vi manglar talmateriale for tida før 1846, men Kari Telste har dokumentert at tilsvarende saker var uvanlege på 1600 og 1700-talet.<sup>15</sup> Kari Telste syner også

<sup>15</sup> Melby, Pylkkänen, Rosenbeck og Forskningsprogrammet Norden och Europa: 1999, s. 151. Ingen par bel straffet av øvrigheten for forargelig samliv i Ringerike og Hallingdal 1652-1710. Forargerlig samliv ser heller

at samlivssaker i aukande grad fekk plass i rettsapparatet utover 1800-talet. Ikkje-ekteskaplege samlivsformer blei i stadig større grad oppfatta som eit problem.<sup>16</sup> På slutten av 1880-talet fell talet på domfelte til kring 50 i året og nærmest forsvinn ut av rettssystemet etter 1900. Samstundes veit vi at folketalet aukar sterkt i same periode, og i høve til folketalet kulminerer talet på domfelte kring 1865 både for leiarmålssaker og konkubinat. Når konkubinat-sakene forsvinn frå rettsvesenet på slutten av 1800-talet kan dette i teorien tolkast på to måtar: Det blir færre lov- og normbrytarar eller styresmaktene sluttar å handheve lova.

I kommentaren til statistikken seier A. N. Kiær at nedgangen frå 1880 skuldast at ”Oppfatningen av strafbarheten paa dette omraade er forandret”.<sup>17</sup> I arbeidet med ny straffelov som starta i 1885, skriv lovkommisjonen at konkubinat-paragrafen av 1842 må endrast fordi dom kan fellast **utan** bevis på ”utugtig forhold”, berre på mistanke. Kommisjonen legg vekt på at konkubinat er uklart definert, og krava til bevis uklare. Kommisjonen er også i tvil om konkubinat er utukt. Fleire land, m.a. Sverige, hadde avskaffa tilsvarande lovparagrafar – der såkalla ”Stockholmsekteskap” ikkje var straffbart. Dessutan ramma den eksisterande lova kvinner (tenestejenter) som var blitt utnytta seksuelt av ein arbeidsgivar.<sup>18</sup> Kommisjonen foreslår å oppretthalde paragrafen, men berre rettsforfylgje personar om forholdet veker ”offentlig Forargelse” eller om forholdet var eit direkte angrep på ”ekteskapsinstitusjonen”. Paret må også få advarslar før påtalemakta går til rettlege steg.<sup>19</sup> I den nye straffelova frå 1902 blei kommisjonens forslag til endring gjort til endeleg lov.<sup>20</sup>

Kva var bakgrunnen til dei domfelte i Konkubinat-saker? I Trondheim rundt 1880 var den oppgitte årsaka til konkubinat at paret mangla pengar til bryllaup. Når talet på domfelte fell kan dette skuldast at sosiale krav til omfattande bryllaupsfeiringar blei redusert på slutten av 1800-talet. Bruken av borgarleg vigsel som aukar i omfang frå slutten av 1880-talet kan ha hatt same verknad. Og det kan ha blitt større aksept for at ein kunne utsetje bryllaupet til ein hadde råd til det. Prestens og fattigforstandarens grunngjeving for å slå ned på ugift samliv var for å hindre at usedligheten skulle slå rot i byen.<sup>21</sup> Prest og fattigforstandar var mest aktive som anmeldarar av konkubinattifeller.<sup>22</sup> Minken i domfelte for konkubinat kan dermed også skuldast at t.d. fattigforstandar kunne nytte andre paragrafar, t.d. om bidragsplikt, for å rettsforfølgje barnefedre som ikkje tok ansvar for barnemor og barn.<sup>23</sup>

Endringane i talet på konkubinatsaker seier dermed lite om omfanget av sambuarskap i perioden 1846-1902. Vi veit ikkje om kyrkje, fattigvesen og rettsvesenet med 150-200 domfellingar i året berre har fange opp ein liten del av ugift samliv. Lovkommisjonens merknader i 1885 kan tyde på at sambuarskap var i ferd med å bli akseptert på slutten av

---

ikke ut til å ha vært noen vanlig innsettelsesårsak på tukthuset etter at Tukthusforordningen av 1741 fastsatte at de skulle sendes dit.

<sup>16</sup> Melby, Pylkkänen, Rosenbeck og Forskningsprogrammet Norden och Europa: 1999, s. 164.

<sup>17</sup> Det Statistiske Centralbureau: 1913, s. 22.

<sup>18</sup> Stortingets forhandlinger Oth. Prp. 24:1898-99, Kommisjon nedsatt 14. november 1885 av merknader til §379, s. 282-283.

<sup>19</sup> Stortingets forhandlinger Oth. Prp. 24:1898-99, merknader til §379, s. 283.

<sup>20</sup> 22 mai 1902, Almindelig borgerlig Straffelov. Norsk Lovtidende:1902, s. 368. *Den, som trods*

*Paatalemyndighedens Advarsel fortsætter et offentlig Forargelse vækkende Samliv i utugtig Omgjængelse med en Person af det andet Kjøn, straffes med Bøder eller med Fængsel indtil 3 Maaneder.*

<sup>21</sup> Knudsen: 1997, s. 78 og s. 80.

<sup>22</sup> Knudsen: 1997, s. 78.

<sup>23</sup> Lov om fedres bidragsplikt 1892.

1800-talet. Ser vi fallet på domfellingar frå 1880 i samanheng med lovkommisjonens merknader frå same periode synest likevel domen vere klar. Ugift samliv vart nedkriminalisert 100 år etter fødslar utanfor ekteskap, eller sagt på ein annan måte: På 1800-talet var det OK å hoppe i høyet av og til, men ikkje sove i same seng på permanent basis. Etter 1880 kunne ein både hoppe halmen og sove i sengehalmen. Tidleg på 1800-talet hadde ein dermed hadde ein situasjon som vi i dag ville synest var merkeleg. Tilfeldig sex utanfor ekteskapet var OK, men ikkje varige seksuelle forbindelsar utanfor ekteskapet.

Både før, men særleg etter 1880 må rekne med at det fanst eit ukjent tal par som levde saman som gifte, og fleire enn dei som fekk påtale og dom etter kriminallova. Dermed må vi finne ein alternativ måte å kartleggje ugift samliv på.


## **Fødslar utanfor ekteskap og ugift samliv**

Å samanhalde omfang av fødslar utanfor ekteskap med ugift samliv krev tre steg. Vi må avdekke talet på fødslar utanfor ekteskap i Norge på 1800-talet, vi må talfeste ugift samliv og vi må samanlikne omfang, og variasjon i endringstakt og utbreiing. Eg startar med fødslar utanfor ekteskap.

### **Fødslar utanfor ekteskap**

Fødslar utanfor ekteskap kan målast med illegitimitetskvotienten som er prosentdelen fødslar utanfor ekteskap i høve til alle levandefødde barn i same periode, normalt eit kalendarår. Denne målemetoden tek ikkje omsyn til variasjonen i risikogruppa som er ugifte kvinner i alderen 15-49 år. For å bate på det introduserte Eilert Sundt ein indeks: Talet på illegitime fødslar i høve til talet på ekteskap i same periode. Altså illegitime fødslar pr. 100 ekteskap.

**Figur 2 Illegitimitetskvotienten og Sundts indeks. Norge 1801-1900.**



Kjelde: NOS XII 291, Historisk Statistikk 1978. Også: Tabell 3-13,  
[http://www.ssb.no/emner/historisk\\_statistikk/tabeller/3-3-13t.txt](http://www.ssb.no/emner/historisk_statistikk/tabeller/3-3-13t.txt)

Figuren syner illegitimitetskvotienten og Sundts indeks (den rauda linja) i perioden 1801 til 1900. Hovudtrenden er aukande illegitimitet til 1870, deretter ein svakt fall. Illegitimitetskvotienten varierer sterkare enn Sundts indeks fordi den er følsam for kullstorleiken, dei såkalla Sundtske bølgjene.<sup>24</sup> Kva så med normene? I teorien kan aukande tal illegitime fødslar skuldast meir sex utanfor ekteskapet, at færre ville gifte seg eller at ikkje alle som ville gifte seg kunne. Norske historikarar har konkludert med at haldninga til sex før ekteskap ikkje endra seg, og at ikkje alle som ville gifte seg fekk eller rakk å gjere det i tide på grunn av tronge tider levebrødsmarknad.<sup>25</sup> Derfor auka illegitimiteten mot 1870. Eg vil hevde at to kryssande normer også kan ha vore avgjerande: 1) At sex på tvers av sosiale skilje var akseptert, men at ekteskap på tvers av dei same sosiale skilja var mindre akseptert. Illegitimiteten vil dermed auke med aukande proletarisering.

Kan eg på same måte seie noko om utviklinga av ugift samliv på 1800-talet i Norge?

### Frå ugift samliv til POSSLQ

I Sedligheds-Tilstanden i Norge dokumenterer Eilert Sundt særleg ein type ugift samliv – at eit par som har tenkt å gifte seg flyttar saman før bryllaupet. Det vordande ekteparet har flytta saman, bur dels hos foreldra, eller er innlosjert hos andre eller har alt skaffa seg ein eigen plass.<sup>26</sup> Samanflyttinga tok gjerne stad ved truloving eller ekteskapslysing. Men å få organisert og gjennomføre eit bryllaup krev både tid, ressursar og

<sup>24</sup> Korrelasjonen mellom dei to måltala er 0.83 – god samvariasjon.

<sup>25</sup> Eliassen og Sogner: 1981

<sup>26</sup> Sundt: 1968, band I, s. 107-113. Bull: 1990, s. 15-17.

pengar. Derfor kan det gå både eit og to år før vigsla og bryllaupet finn stad, etter at paret har flytta saman. I denne perioden mellom samanflytting og bryllaup kan paret både ha fått eit og to barn. Eilert Sundt dokumenterer denne praksisen både gjennom detaljert statistikk og ”sosialantropologiske” studiar i Lom og Vågå.<sup>27</sup> Ovanfor såg vi at domfelte i Trondheim ofte nyttå dåleg økonomi som grunngjeving for ikkje å ha gifta seg. Eit tidsavgrensa form for ugift samliv, som skulle avsluttast med bryllaup, synest å ha vore akseptert. Paret sitt motivet var dei ville vente til dei hadde råd og plass til å innby naboar og slekt til den store sosiale hendinga eit bryllaup var. Brura skulle ha kjole, og brudgommen måtte bryggje mykje godt øl. Dei sosiale krava til bryllaup kunne dermed føre til at par med mindre økonomiske ressursar (t.d. husmannsbarn) måtte utsetje bryllaupet – ikkje berre nokre månader, men òg år.

Den andre forma for ugift samliv som vi kjenner frå folkesnakket, folkeminne, litteraturen og eksempelet innleiingsvis er der eit arbeidsforhold går over til å bli eit samlivsforhold. Typisk er ei kvinne som byrjar som tenestejente eller hushalderske for ein mann utviklar seg til eit ugift samliv. Tilsvarande ei enkje som treng ein mannleg arbeidshjelp og tenestekaren blir etterkvart samlivspartner.<sup>28</sup>

Den tredje forma for ugift samliv er der to gamle flammar flyttar saman etter at dei har passert middagshøgda i livsløpet. Grunnane for at dei ikkje har flytta saman tidlegare kan vere at dei har vore gift på kvar sin kant og på sine eldre dagar har blitt enkjefolk. Eller som Eilert Sundt syner i eit eksempel. Foreldra motsette seg sonen sitt val av partnar, og han måtte vente til foreldra døde. Då flytta dei gamle kjærastane saman og levde saman utan å vere gift.<sup>29</sup>

Eilert Sundt var mest oppteken av det første forma for ugift samliv, nettopp fordi det hang saman med illegitimitet. Men har vi nokon måte å finne desse formene for ugift samliv i historiske kjeldemateriale, t.d. i folketeljingar? Ugift samliv eller sambuarskap vart først registrert som samlivsform i folketeljinga 1980. For å kunne seie noko om omfanget av ugift samliv, må vi dermed prøve å etablere data der denne informasjonen i utgangspunktet ikkje er registrert direkte. Korleis?

Sambuarskap kom overraskande på amerikanske befolkningsforskarar (demografer) på 1970-talet. Og når amerikanske demografer tok til å interessere seg for fenomenet sambuarskap, var det alt blitt sær utbreidd. Dermed vart det naudsynt å etablere kjelde data ved **indirekte** metodar. Dermed oppstod akronymet POSSLQ – ”Persons of opposite sex sharing living quarter”. Ved å nytte folketeljingar attende til 1960, prøvde amerikanske demografer å studere framveksten av sambuarskap i USA.<sup>30</sup> Talet på POSSLQ-hushald blei dermed ein indikator for sambuarskap. Ved å samanlikne kjente tal på sambuarskap frå mindre omfattande spørjegranskingar med POSSLQ, kunne demografane kvesse algoritmen for å trekke ut sambuarar frå folketeljingsmateriale. Dermed kunne ein etablere kjelde data på sambuarskap, der ein i utgangspunktet hadde ingenting.

POSSLQ-hushald, er såleis ikkje talet på par i ugift samliv, men talet på hushald med ”Personar av motsett kjønn i same hushald” etter gitte vilkår. Om desse også lever saman som ektefolk er langt vanskelegare å dokumentere, fordi då må vi dokumentere både at dei deler seng og bord. Dette let seg **ikkje** lett vindt stadfeste på basis av folketeljingar. Eg har ikkje sett

<sup>27</sup> Tabell og historie

<sup>28</sup> Bull: 1990, s. 17.

<sup>29</sup> Bull: 1990, s. 16-17.

<sup>30</sup> Casper og Cohen: 2000, s. 237-238.

at denne metoden har vore nytta til å kartlegge ugift samliv på eldre teljingar enn 1960. Og det i høgste grad diskutabelt om metoden let seg overføre til teljemateriale fra 1800-talet. Hushaldsstrukturen var annleis. Hushalda på 1800-talet i Norge var i større grad arbeidsfellesskap med mange vaksne menn og kvinner i same hushald enn på 1970-talet. Men det kan gå med meg som med Peer Gynt:

Vel sandt, - min Forkundskab er ikke grundig, / og Historiens indre Mekanik underfundig; / men pytt; hvor  
Udgangspunktet er galest, / blir tidi Resultatet originalest.

Med Peer sitt pågangsmot vil eg derfor prøve metoden på dei tre norske folketeljingane 1801, 1865 og 1900.<sup>31</sup> Det finst fleire måtar å berekne talet på POSSLQs, og eg har valt å gjere tilpassingar av den såkalla "Adjusted POSSLQ" utarbeidd av Lynne Casper og Philip Cohen.<sup>32</sup> Men for å gjere ei lang historie kort: Algoritmen for å velje ut mogelege sambuarhushald i 1801, 1865 og 1900-teljinga tek til med å definere eigenskapar å ein referanseperson.

Referansepersonen vel eg å definere med følgjande attributtar:

1. Hovudperson i hushaldet
2. 20 år eller eldre
3. Sivilstatus ugift, enkje/enkjemann, trulova eller skild

Den mogelege partnaren vel eg å definere slik:

1. 15 år eller eldre
2. Sivilstatus ugift, enkje/enkjemann, trulova eller skild
3. Er ikkje i slekt med referansepersonen
4. Aldersskilnaden til referansepersonen er mindre enn 30 år.
5. Hushaldsposisjon
  - a. Er oppført umiddelbart etter referansepersonen i folketeljingslista.
  - b. Alternativt første person i hushaldet som tilfredstiller krav 1-4, plassering i hushaldet er irrelevant.

Av desse fem er kriterium 5a, kravet om at partnaren skal vere lista umiddelbart etter referansepersonen, problematisk. Tanken bak er enkel men subtil. Rekkjefølgja innafor eit hushald i ei folketeljingsliste er bestemt etter rolle, funksjon og sosial posisjon i hushaldet. Maken blir nesten utan unntak lista rett etter hovudpersonen. Partnaren har same rolle som maven i hushaldet, og må difor også vere lista som nr. 2 i folketeljingslistene. Altså samlivsforholdet er reflektert i rekkjefølgja personane er lista i. Dette kan vi kalle sekvensens semantikk. Denne tilhører dei hårfine nyansane. Men kanskje ekskluderer vi mulige kandidatar her, nettopp fordi øvrigheit – prest, lærar og lensmenn – også førte teljelistene, kunne ei slik sosial oppjustering av ein tenestedreng medføre ein risiko. Av omsyn til øvrigheit kan derfor mulige sambuarar vere plassert kor som helst i lista over hushaldsmedlemmer. Alternativet er kriterium 5b, ein mogeleg samlivspartner er første

<sup>31</sup> Dei tre folketeljingane i 1801, 1865 og 1900 er alle dataregistert og inneheld heile befolkninga på teljetidspunkta, jf. <http://digitalarkivet.no/>.

<sup>32</sup> Casper og Cohen: 2000. Begge tilknytt US Census Bureau. Lynne M. Casper er også forskar ved NICHD (National Institute of Child Health and Human Development). Philp Cohen har også stilling ved Department of Sociology UCI (University of California, Irvine)

person i hushaldet som tilfredstiller krav 1-4. Eg har valt å bruke begge alternativa for å finne POSSLQ-hushald.

Begge POSSLQ-personane må ha sivilstatus ikkje gift fordi vi ikkje alltid greier å skilje mellom par var gift med kvarandre, frå dei som var gift med andre, men budde i same hushald. POSSLQ-algoritma vil dermed kunne fange opp sambuarskap etter §18-22 i kriminallova, men ikkje etter §18-23 som gjaldt dersom ein av partane var gift.<sup>33</sup>

På same måte som "Adjusted POSSQL", vil min POSSLQ knytte feil POSSLQ-par.<sup>34</sup> Tildømes: Dersom ei enkje er førd som hovudperson, etter henne i lista kjem hennar påtroppande svigerson som er sambuar med dottera, vil hushaldet etter definisjonen bli eit POSSLQ-hushald. Paret er dottera i huset og hennar utvalde, medan utvalskrava spleisar mora og den påtroppande svigerson dersom aldersskilnaden mellom dei er under 30 år. Dette kunne vere eit argument for å minke aldersskilnaden til under 15 år, men dette vil ekskludere enkelte husband-husholderske konstellasjonar der aldersskilnaden kan vere godt over 20 år. Med desse enkle krava, er det trivielt å utvikle algoritma og skrive programmet for å plukke ut POSSLQ-hushald frå folketeljingane 1801, 1865 og 1900 som alle "er på data".<sup>35</sup>

Eg har teke enkle stikkprøver i ulike kommunar for å teste uttrekket av POSSLQ-hushald.<sup>36</sup> Mange enkjemenn og husholdersker, enkjer og husbandskarlar og enkjer og losjerande dukkar opp frå det omfattande folketeljingsmaterialet. Nokre få døme på POSSLQ-hushald som dataprogrammet har funne fram til:

- I Østre aker i 1865 har dataprogrammet funne Iver Martinsen og Marie Pedersdatter. Han enkjemann og ho ugift. Dei har eit 2 år gammalt barn saman. Ho er oppført med familiestilling 'hans konkubine' i folketeljinga. Inner-tiar.
- I Målselv er Hans Berge og Beret par i eit POSSLQ-hushald. Han er enkjemann, ho er ugift og hans husholderske. Dei har eit barn på eit år saman. Ny inner-tiar.
- I Gloppen har Ramus Rasmusson flytta inn hos husmoder Johanne Larsdatter. I yrkesfeltet er det lagt til at Ramus er "tilflyttet for at ægte enken". Blink.
- På Stange i Hedmark dannar Anne Jensdatter og losjerande Lars Hansen eit POSSLQ-hushald. Dei har tre barn saman i alderen 2-8 år. I yrkesfeltet for Lars er det lagt til at dei lever saman som ektefolk. Blink.
- I Volda i 1865 har programmet plukka ut enkjemann Andreas Petersen og "hans tjenestepige" Johanne Olsdatter som "bestyrer hans husholdning". Ingen indikasjon på at dette er noko anna ein eit platonsk arbeidsforhold. Tilsynelatande skivebom. Men leiter vi etter same Andreas i 1875-teljinga 10 år etter så er Johanne blitt hans ekte hustru. Treff likevel?

---

<sup>33</sup> Getz: 1874, s. 70-71. Kriminallova av 1842 med tilvisingar og kommentarar.

<sup>34</sup> Casper og Cohen: 2000, s. 239.

<sup>35</sup> <http://digitalarkivet.no/>


<sup>36</sup> Alle uttrekte hushald i Stranda Prestegjeld er kontrollert mot utvalskriteriuma. I Østre Aker der fleire konkubinat-tilfelle er registrert i merknadsfeltet har POSSLQ-hushalda blitt kontrollert mot Konkubinat-hushalda. I Volda og Rendalen har uttrekte POSSLQ-hushald blitt sjekka for permanens ved kontroll mot 1875-teljinga. Det er registrert tilfelle der husholdersker og tenestejenter i 1865 er blitt ektevidde makar i 1875. Alt dette er stikkprøver, ingen analyse er gjennomførd.

Slik kunne eg halde fram med å finne POSSLQ-hushald som etter nøyare ettersøkjing og bruk av andre kjelder kunne stadfeste at POSSLQ-paret også var eit ugift samlivspar.

Problemet er naturlegvis kontroll og stadfesting av at POSSLQ-para også var samlivspartnarar på teljetidspunktet. For sjølv om vi nok kan finne einskilde POSSLQ-par som også levde i eit samlivsforhold, vil det alltid vere tvil. Og det er eit omfattande arbeid å talfeste kor stor del av POSSLQ-hushalda som også var eit samlivsforhold. Det er også sær sannsynleg at ein står att med ei stor gruppe i kategorien 'uviss'. Frå 1970-talet vil POSSLQ-hushald kunne kontrollerast mot eksisterande spesialundersøkelsar og etter 1980 også mot folketeljingsdata. Før 1970 har vi ikkje noko eintydig korrektiv til POSSLQ.

Men 1865-teljinga for Østre Aker dannar eit lite unntak, der ein ivrig person i teljekorpset har notert konkubinat i merknadsfeltet for nokre personar. Om dette er faktisk domfelte, eller berre ein ivrig og moralsk teljar i samfunnets teneste som har gjort sine eigne notat, veit eg ikkje. Uansett må ein langt meir grundig og systematisk kontroll av POSSLQ-uttrreket gjennomførast. Dette har eg ikkje hatt tid eller ressursar til.

**Figur 3 POSSLQ-hushald pr. 100 ekteparhushald, POSSLQ3 + POSSL4. Norge 1800-1900**



Kjelde: KONK1801, KONK1865 og KONK1900

Kor mange POSSLQ-hushald fann dataprogrammet i dei tre folketeljingane? Uttrekket synte at det var kring 6000 POSSLQ-hushald i 1801, 15000 i 1865 og kring 25000 i 1900. For å samanlikne endringar over tid har eg valt å måle talet på POSSLQ-hushald pr. 100 ekteparhushald. Dette har eg kalla POSSLQ-indeksen. Figur 3 syner talet på POSSLQ-hushald pr. 100 ekteparhushald, i 1801, 1865 og 1900. Den nederste delen av stolpen syner talforholdet mellom POSSLQ-hushald og ekteparhushald om ein berre brukar krav 5a – samlivsmaken må vere lista som person to i hushaldet, og den øvste om ein legg til POSSLQ-

hushald etter krav 5b. Heile stolpen syner altså POSSLQ-hushald der samlivsmaken sin posisjon i hushaldet er irrelevant.

For å ikkje gjere dette unødig komplisert ser vi på heile stolpehøgda. Talet på POSSLQ-hushald aukar frå vel 4. pr 100 ekteparhushald i 1801 til 7. pr. 100 ekteparhushald i 1900. Dette kan ved første augekast synest som låge tal, men merk at eit ugift samliv kan vere langt meir kortvarig enn eit ekteskap. Ei folketeljinga syner eit augeblikksbilete, og figuren viser derfor ikkje kor mange som kan ha budd i ugift samliv, berre kor mange POSSLQ-hushald som finst på teljetidspunktet.

For å kompensere på dette kan vi rekne ut aldersspesifikke POSSLQ-indeksar. Eg vel no å avgrense til 1865. Den aldersspesifikke POSSLQ-indekksen for aldersgruppa 25-29 år er 10, altså 10 POSSLQ-hushald pr. 100 ekteparhushald. I aldersgruppa 30-34 er POSSLQ-indekksen lik 6.3. I alle femårsgruppene mellom 35 og 70 år ligg POSSLQ-indekksen stabilt i overkant av 5, med unntak av femårsgruppa 50-54 der den gjer eit lite hopp attende til 6.5. Dette tyder på at ugift samliv var livsløpsrelatert, men ikkje akkurat slik Eilert Sundt framstillte ugift samliv som i stor grad eit førekteskapleg fenomen. Variasjonen i den aldersspesifikke POSSLQ-indekksen tyder på at ugift samliv var mest vanleg i alderen 25-34 år og i 50-års alderen. Dersom vi fordeler POSSLQ-hushalda etter hovudpersonen sitt kjønn får vi forklaringa på auka i 50-års alderen. Særleg i aldersgruppa 50-54 år, men også 55-59 år er det relativt langt fleire kvinner som er hovudpersonar i POSSLQ-hushalda enn i gruppene både før og etter. Totalt er 1 av 4 referansepersonar kvinner, men i ved 50 år er 36% eller 1 av 3 referansepersonane kvinner. Den aldersspesifikke POSSLQ-indekksen aukar med andre ord i same aldersgruppa som der omgifteprosenten fell raskt. Og omgifteprosenten fell meir for kvinner enn menn i denne aldersgruppa.<sup>37</sup> Vi kan naturlegvis tolke dette platosk – eit quart hushald treng ei kvinne og ein mann: At sex var folkesnakk og at POSSLQ først og fremst syner eit arbeidsfellesskap – ikkje eit samlivsforhold.

Har vi i det heile funne ut noko om omfanget av og normene kring ugift samliv med POSSLQ-indekksen. Det tør eg ikkje seie noko sikkert om. For kva er eigentleg POSSLQ-hushald og POSSLQ-indekksen.

---

<sup>37</sup> Dyrvik: 1981, s. 300.

**Tabell 1 Sosial relasjon og POSSLQ-hushald**

| Sosial relasjon   | Bord og seng/sex?                                  | POSSLQ-hushald?  |
|-------------------|--|--|
| Seksuelt samvær   | Seng og halm, men ikkje bord                       | Kan vere, men helst ikke   |
| Sambuarpar        | Seng/sex og bord                                   | Kan bli POSSLQ-hushald<br>Manglar der ein av partane er gift     |
| Arbeidsfellesskap | Bord, ikkje seng.<br>Arbeidsgjevar og arbeidstakar | POSSLQ-hushald, men ikkje sambuarskap                            |
| Leigeforhold      | Huseigar og losjerande                             | POSSLQ-hushald, men ikkje sambuarskap. Men kan skjule sambuarar. |

POSSLQ inneholder mange typar sosiale relasjoner som ikkje er ugift samliv. Problemet er at POSSLQ ikkje skil mellom bord og seng, mellom eit verkeleg samlivspar, eit arbeidsfellesskap eller eit huseigar/leigtakar-forhold. Årsaka er m.a. at eit ugift samliv kan vere løynd som eit arbeidsfellesskap i ei folketeljing. Det som liknar på eit ugift samliv kan ha berre vore eit vanleg huseigar/husleigar samband. For når mann er førd som "husbondkarl" etter ei jamngammal gardbrukarenkje, er han då husbond både på åkeren og i koven? Kva med mennene som har husholdersker. Steller husholderskene berre i huset om dagen eller også med husbonden på kveldstid? Husholdersker, husbondskarlar og losjerande kan vere dekkje for eit sambuarskap, men treng ikkje vere det.

Men om talforholdet mellom POSSLQ og ugift samliv var konstant, så aukar omfanget på ugift samliv i Norge på 1800-talet. Kan vi forklare det?

### ***Korleis forklarar vi aukande illegitimitet og sambuarskap***


Eilert Sundt meinte det var ein klar samanheng mellom illegitimitet og sambuarskap – det var to sider av same sak. Etter å ha studert Lom og Vågå spesielt konkluderte Eilert Sundt med:

Man kan i korthed sige så: De to ting følges ad, 1) at folk begynde et ægteskabelige samliv uden at overholde den imellom sædelige mennesker fastsatte skik og orden og 2) at folk leve et løsagtigt liv uten tanke om ægteskab.<sup>38</sup>

Med "løsagtigt liv uten tanke om ægteskab" refererte Sundt til ugift samliv – par som delte seng og bord utan å vere gift. Kan vi finne etterprøve Sundt? Ved hjelp av data frå folketeljingane og NSD-kommunedatabase kan vi rekne ut illegitimitetskvotienten for 1865 og 1900 i alle kommune på det tidspunktet og vi kan rekne ut POSSLQ-indeksem for dei same kommunane. Er det samanfall mellom illegitimitet og POSSLQ?

<sup>38</sup> Sundt: 1968, bind II, s. 181.


**Figur 4 Illegitimitetskvotienten. Illegitime fødslar i % av alle levande fødte. Norge 1865.**



Kjelde: NSD-kommunedatabase

Kartet figur 4 syner illegitimitetskvotienten i 1865, medan kartet nedanfor (Figur 5) syner POSSLQ-indeksen i 1865. Dess mørkare skravur, dess høgare illegitimitet på kartet til venstre. Dess mørkare skravur dess fleire POSSLQ-hushald på det andre kartet. Dersom det var høgt samsvar, skulle dei to karta vere tett mot like. Mørke og lyse områder skulle vere likeleg fordelt.

**Figur 5 POSSLQ-indeks. Norge 1865.**



Kjelde: KONK1865 og NSD-kommunedatabase

Ved å jamføre karta ser vi at det er eit visst samsvar Nord og Aust på Austlandet, i Sør-Trøndelag og kring Lofoten. Medan det i Agder, Telemark og i Nord-Trøndelag er motsett, ikkje samsvar. Korrelasjonskoeffisienten mellom POSSLQ-indeksem og illegitimitetskvotienten er +0.25 i 1865. Ved å avgrense utvalet til amt og måle samanhengen innafor amt syner det seg at i t.d. Østfold, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane er det ein høgare positiv samvariasjon, medan t.d. i Nord-Trøndelag er samanhengen omsnudd (negativ). Dette forklarar den låge totale samvariasjonen for heile landet.

Var det Eilert Sundt som tok feil, eller tek eg feil? Svaret er nok at ingen av oss traff blinken. Det finst fleire typar ugift samliv enn dei Sundt knytte til illegitimitet, og POSSLQ-hushalda innehold ulike typar ugift samliv, men også hushald som ikkje er ugift samliv. Dermed blir samsvaret mellom illegitimitet og POSSLQ-hushald lågt. Truleg ville ein ha komme nærmare eit svar på om illegitimitet og ugift samliv var del av same normssystem, om ein nytta aldersspesifikk POSSLQ-indeks og rafinerte utplukkskriteria.

Innleiingsvis nemnde eg fleire årsaker til endringane i illegitimiteten; lågare foreldrekontroll, befolningspress og levebrødsmangel, sosial polarisering og seksuell revolusjon.<sup>39</sup> Desse forklaringsfaktorane har eg prøvd i ei multivariat analyse for å studere samvariasjonen med illegitimitet og POSSLQ-hushald.<sup>40</sup>

Den multivariate analysen syner at delen av POSSLQ-hushald er låg i kommunar med høg heimføringsprosentet. Dette tolkar eg slik at graden av sosial kontroll hindrar forekomsten ugift samliv. Analysen synte at prosentdelen sjølveigarbønder har positiv samvariasjon med delen POSSLQ-hushald – høg prosentdel sjølveigarar gav høg prosentdel POSSLQ-hushald. Vi veit at det skjer ei relativ auke av POSSLQ-hushald i 50-60 års alderen, særleg med kvinner som hovudpersonar. Ser vi makro og mikro planet i samanheng kan dette tyde på at sambuarskap er relatert til kapitalbaserte levebrød og overføring av kapital/levebrød mellom generasjonane gjennom bygsel, kårsystem, odel og arv. Ved omgifte i alderen 45-60 år kan ei enkje eller enkjemann komplisere overføring av levebrødet til neste generasjon. Kårytinga kan bli større. Arven blir mindre, og sjølve overføring av levebrødet kan bli utsett med omgifte. I tilfeller der enkja sat på leilendingsbruk kunne omgifte direkte ta bort levebrødeutsiktene til barn frå første ekteskap. Bygsleretten vil, dersom den tidlegare enkja dør før den nye husbonden, bli overført til husbonden og ikkje barna frå første ekteskapet slik det var ein viss praksis for. Kort sagt: Omgifte i 45-60 års alderen kan skape problem for neste generasjon. Den påtroppande generasjon vil motsette seg omgifte fordi det vil i praksis seie at ein må vente lenger før ein kan overtala levebrødet. Ein må yte større kår, og arveparten kan bli mindre. Den store mengda skifte med aukande mengde eignelutar på 1800-talet syner at arv og eigedom var viktig. Kåkontraktene blir meir formaliserte og spesifikke i perioden. Både for enkja eller enkjemannen og den påtroppande generasjonen vil dermed sambuarskap vere eit godt kompromiss.

Denne økonomiske forklaringa kan virke kynisk men mange godt tilårskomne enkjefolk er sambuarar i dag med tilsvarande økonomiske grunngjeving. Dersom to enkjefolk gifter seg vil dei få redusert pensjon, og det kan lage økonomisk og juridisk ugreie mellom eigne barn og ny ektemake ved arv og overtaking av bustad. Eldre i dag og eldre på 1800-talet var kanskje ikkje så ulike. Normene kring ekteskap kunne tøyast for å sikre levebrød og arv til eigne barn.

## Konklusjon

Kva kan vi konkludere med? Konkubinat vart nedkriminalisert 100 år etter seksuelt samkvem før ekteskapet. Dette tyder på auka aksept for sambuarskap på slutten av 1800-talet. Om dette førte til auke i omfanget er absolutt meir diskutabelt. Omfanget av POSSLQ-hushald kan tyde på at ugift samliv auka i omfang og utbreiing. Men her trengs meir forsking!

Vi står att dermed med minst to livsløpsrelaterte former for ugift samliv på 1800-talet med røter i bondesamfunnet

<sup>39</sup> Sogner og Sandvik: 2003, s. 136-127. Telste: 2000, s. 280ff. (ikkje sjekka). Edvard Shorter er referert fra Anderson: 1980, s. 54-59. Shorter: 1977.

<sup>40</sup> Denne analysen er omfattande og delar av analysen er vedlagt manuskriptet til denne prøeforelesinga.

1. Det førekteskaplege
2. Det etterekteskaplege

Varsamt kan vi seie at det førekteskaplege samlivet var ein del av giftermålssystemet og styrt av dei same normene som hadde høg illegitimitet som konsekvens. Det etterekteskaplege samlivet trur eg var knytt til omgifte og kapitaloverføring mellom generasjonane. Ugift samliv kan ha vore konfliktdempande og ein måte å unngå problem ved overføring av kapital (levebrød) mellom generasjonar.

Det må ha vore ein viss aksept for begge typane og dei blei praktisert av sosiale grupper med gode levebrød. Det var dermed ikkje berre svenskar, fantefolk og omstreifarar som dreiv ugift samliv. Meir gransking og andre metodar kan gje svar på om det også fanst meir permanente samlivsforhold, og det fanst ein eigen ”urban” type sambuarskap.

## Litteratur

- Anderson, Michael (1980). *Approaches to the history of the Western family, 1500-1914*. London.
- Borgegård, Lars-Erik (2002). *Norrländsgrensen - finns den?* URL: [http://www.scb.se/Grupp/Allmant/\\_dokument/A05ST0203\\_04.pdf](http://www.scb.se/Grupp/Allmant/_dokument/A05ST0203_04.pdf), lasta ned:
- Bull, Kirsti Strøm (1990). *Ugift samliv*. Oslo. 204 s.
- Casper, Lynne M. og Philip N. Cohen (2000). "How does POSSLQ measure up? Historical Estimates of Cohabitation". *Demography : a publication of the Population Association of America*. 37 (2): s. 237-245.
- Det Statistiske Centralbureau (1913). *Oversigt over de viktigste resultater av kriminalstatistikken for aarene 1886-1904*. Kristiania.
- Dyrvik, Ståle (1981). "Gagne-pain ou sentiments? Trait du remariage en Norvège au dix-neuvième siècle". *Marriage and remarriage in populations of the past*. J. Dupaquier. London, Academic Press: xix,663 s.
- Eliassen, Jørgen (1981). "Fødsler utenfor ekteskap i lys av det gamle norske giftermålssystemet". *Bot eller bryllup : ugifte mødre og gravide bruder i det gamle samfunnet*. J. Eliassen og S. Sogner. Oslo, Universitetsforlaget: 124 s.
- Eliassen, Jørgen og Sølvi Sogner (1981). *Bot eller bryllup : ugifte mødre og gravide bruder i det gamle samfunnet*. Oslo. 124 s.
- Forssberg, Anna Maria (1998). *Gifta på låtsas*. URL: <http://kanguru.humf.su.se/nr18/gifta.htm>, lasta ned: 25.05.2004.
- Getz, B. (1874). *Den norske Straffelov : med Henvisninger*. Kristiania. 127 s.
- Hovdhaugen, Einar (1976). *Ekteskap og kjønnsmoral i norsk historie*. Oslo. 128 s.
- Haavet, Inger Elisabeth (1982). *Avvik eller uhell? : ugifte foreldre omkring 1800 - en sosial analyse*. Bergen. 177 bl.
- Knudsen, Knut Arild (1997). *Kriminalitet i Trondheim 1875-1885*. [Trondheim]. IX, 196 bl.
- Laslett, Peter, Richard M. Smith, et al. (1980). *Bastardy and its comparative history : studies in the history of illegitimacy and marital nonconformism in Britain, France, Germany, Sweden, North America, Jamaica and Japan*. London. xv,431 s.
- Matovic, Margareta R. (1984). *Stockholmsäktenskap : familjebildning och partnerval i Stockholm 1850-1890*. Stockholm. 390 s.
- Melby, Kari, Anu Pylkkänen, et al. (1999). *Ægteskab i Norden fra Saxo til i dag*. København. 225 s.
- Norsk Lovtidende (1902). *No 10, 22 mai 1992*. Kristiania (No. 10).
- Oldervoll, Jan og Sølvi Sogner (1981). "Fødsler utenfor ekteskap i lys av giftermålsmarked og økonomisk utvikling ca 1800-1850." *Bot eller bryllup : ugifte mødre og gravide bruder i det gamle samfunnet*. J. Eliassen og S. Sogner. Oslo, Universitetsforlaget: 124 s.
- Shorter, Edward (1977). *The making of the modern family*. Glasgow.
- Sogner, Sølvi og Jan Oldervoll (1981). "Illegitimate fertility and the marriage market in Norway 1800-1850. Regional variations". *Marriage and remarriage in populations of the past*. J. Dupaquier. London, Academic Press: xix,663 s.
- Sogner, Sølvi og Hilde Sandvik (2003). *I gode og vonde dagar : familieliv i Noreg frå reformasjonen til vår tid*. Oslo. 271 s.
- Stortingets forhandlinger Oth. Prp. 24 (1898-99). *Utdkast til almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. II. Motiver*.
- Sundt, Eilert (1968). *Om sædelighetsstilstanden i Norge*. Oslo. 2 bind.

- Telste, Kari (1999). *Brutte løfter : en kulturhistorisk studie av kjønn og øre 1700-1900*. Oslo.  
633 s.
- Telste, Kari (2000). *Brutte løfter : en kulturhistorisk studie av kjønn og øre 1700-1900*. Oslo.  
495 s.

## Vedlegg

Tabellen under syner eit hushald i 1865-teljinga for Østre Aker, der tenestejenta er oppført sist i hushaldet. Teljaren har tilførd "Konkub.[nat]" i merknadsfeltet.

**Tabell 2 Eksempel på hushald registrert som konkubinat folketeljinga 1865. Østre Aker.**

| Distriknr | Side      | Skoledistrikt | Prestegjeld  | Gardsnavn  |            |       |        |          |                 |
|-----------|-----------|---------------|--------------|------------|------------|-------|--------|----------|-----------------|
| 709       | 6         | 2             | Hovind       | østre Aker | Kampen     |       |        |          |                 |
| Fornavn   | Etternavn | Familiestatus | Yrke         |            | Sivilstand | Alder | Kjønn  | Fødested | Merknad, person |
| Ole       | Anders.   |               | Tomteformand | e          |            | 33    | m      | Aker     | Konkub.         |
| Andreas   | Ols.      | Barn          |              | ug         | 13         | m     | Aker   |          |                 |
| Edvart    | Ols.      | Barn          |              | ug         | 11         | m     | Aker   |          |                 |
| Olaves    | Ols.      | Barn          |              | ug         | 9          | m     | Aker   |          |                 |
| Randi     | Ols.      | Barn          |              | ug         | 5          | k     | Aker   |          |                 |
| Karen     | Jens.     |               | Tjenestepige | ug         | 33         | k     | Vaaler | Konkub.  |                 |

**Tabell 3 POSSLQ-hushald pr. 100 ekteparhushald. POSSLQ3: Sambuar nr. 2 i høve til referanseperson. POSSLQ4 – sambuar sin plassering i hushaldet er irrelevant. Norge 1801, 1865 og 1900.**

| ÅR   | POSSLQ3<br>hushald | POSSLQ3 pr. 100<br>ekteparhushald |  | POSSLQ4 pr. 100<br>ekteparhushald |
|------|--------------------|-----------------------------------|--|-----------------------------------|
| 1801 |                    | 1.1                               |  | 4.4                               |
| 1865 |                    | 2.5                               |  | 6.6                               |
| 1900 |                    | 2.9                               |  | 7.2                               |

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900.

**Tabell 4 POSSLQ-hushald fordelt etter hovedpersonen sin sivilstatus. Norge 1865**


v5 refsivstat:refsivstat  
v18 Refalder 5 års grupper

| Vannrett prosentuering |       |       |     |     |       |       |
|------------------------|-------|-------|-----|-----|-------|-------|
|                        | ugift | enkje | 5   | 6   | Sum   | N=    |
| 25-29                  | 90.3  | 9.7   | 0.0 | 0.1 | 100.0 | 1518  |
| 30-34                  | 76.4  | 23.3  | 0.1 | 0.3 | 100.0 | 1958  |
| 35-39                  | 59.3  | 40.2  | 0.0 | 0.5 | 100.0 | 2073  |
| 40-44                  | 45.5  | 53.2  | 0.1 | 1.1 | 100.0 | 2113  |
| 45-50                  | 34.8  | 63.2  | 0.2 | 1.8 | 100.0 | 1969  |
| 50-54                  | 27.4  | 71.0  | 0.4 | 1.2 | 100.0 | 1694  |
| 55-59                  | 24.2  | 73.9  | 0.5 | 1.5 | 100.0 | 1060  |
| 60-69                  | 18.1  | 80.0  | 0.1 | 1.8 | 100.0 | 1583  |
| 70-79                  | 14.3  | 84.7  | 0.1 | 0.9 | 100.0 | 769   |
| 80+                    | 6.9   | 91.8  | 0.0 | 1.3 | 100.0 | 159   |
| Sum                    | 46.1  | 52.7  | 0.1 | 1.0 | 100.0 | 14896 |

Inkludert 14896 enheter av i alt 15940

Utvalg: v3>1

**Figur 6 Illegitimitetskvotienten og POSSLQ4-indekksen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane**



Kjelde: NSD kommunedatabase, PERS1865 og KHKD6586.